

PRISINFORMASJON

Kursavgift kr 700,-

(Lik for alle personellkategoriar)

Tillegg for tannlegar som ikkje er medlem i NTF kr 200,-

Innbetaling til Sogn & Fj. Tannlegeforening

v/Anders H. Sægrov, Kusslid, 6800 FØRDE

Bankkonto 3710.15.54563

OVERNATTING OG MAT

Fullpensjon i enkeltrom

inkl. lunsj fredag og laurdag kr 1.235,-

Tillegg ledsager kr 875,-

Tillegg De Luxe rom kr 100,-

FOR IKKJE-BUANDE

Dagpakke (Lunsj, kaffipausar, møterom) pr. dag kr 310,-

Middag fredag kveld kr 385,-

Møtepakke utan lunsj pr. dag kr 150,-

PÅMELDING

Bruk helst vedlagde skjema som du

faksar til 57 86 84 61

eller sender til

Kjell Thue, Sandane Tannklinikk,

Postboks 253, 6821 SANDANE

Telefon 57 86 84 60 (a)

E-post: k2e@sensewave.com

Påmeldingsfrist 11. oktober



**Invitasjon til
Haustmøtet 2004
på
Hotel Alexandra
29. og 30. oktober**

**Sogn og Fjordane
Tannlegeforening**


Program

Fredag 29. oktober

- Kl. 10.30** Frammøte. Kaffi med rundstykke.
- Kl. 11.00** Kurs. ”Kvifor gjer ikkje pasienten som eg seier?”
Ved terapeut Anne Lise Christensen.
- Kl. 11.45** Kort pause (15 min).
- Kl. 12.00** Kurs.
- Kl. 12.45** Lunsj.
- Kl. 13.45** Kurset held fram...
- Kl. 14.30** Pause med kaffi.
- Kl. 15.10** Kurset held fram til 16.00.
- Kl. 16.30** Årsmøte i Sogn og Fjordane Tannlegeforening.
- Kl. 19.30** Aperitiff.
Viltaften – Hotel Alexandras rikholdige buffet.
Dans til hotellet sitt orkester. Hyggeleg samvær.


Laurdag 30. oktober

- Kl. 08.00** Frukost.
- Kl. 09.00** Kurs. Tannfyllingsmaterial og biverknader.
Ved professor Lars Bjørkman.
- Kl. 09.45** Kort pause (15 min).
- Kl. 10.00** Kurs.
- Kl. 10.45** Kaffipause og utsjekking av rom.
- Kl. 11.30** Kurs.
- Kl. 12.30** Kursavslutning. Lunsj. Heimreise.



KURS 1.

KVIFOR GJER IKKJE PASIENTANE SOM EG SEIER?



Ved terapeut og sjukepleiar Anne Marie Christensen, NLP-skolen, Roskilde.

Målgruppe: Heile tannhelseteamet.

Har du opplevd at du har fortalt pasienten korleis han skal halde munnen rein, men når han kjem tilbake neste gong må du gjenta det – eller — du er sikker på at du har forklart pasienten alt korrekt, men at han likevel ikkje har forstått det du har sagt?

Det viser seg at vi menneske ofte har vanskeleg for å oppfatte kva som vert sagt til oss i uvante situasjonar.

På kurset vil ein syne korleis ein på tross av angst kan få pasienten til å **lytte**. Foredraget vil komme inn på korleis ein ved enkle teknikkar kan skape optimal kommunikasjon med pasienten slik at miljøet på tannlegekontoret kan opplevast trygt og avslappa.

Anne Marie Christensen har arbeidd ved NLP-skolen sidan 1995. Ho er no dagleg leiar og arbeider dessutan som terapeut og konsulent.

KURS 2

TANNFYLLINGSMATERIAL OG BIVERKNADER.

V/ professor Lars Bjørkman.

Målgruppe: Heile tannhelseteamet.



- Allergi mot stoff i tannfyllingsmaterial.
- Amalgam og kvikksølv
- Biverknader. Rapportering og utredning.
- Retningsliner angående tannlegehjelp ved materialreaksjonar
- Diskusjon og spørsmål.

Lars Bjørkman er professor ved Det odontologiske fakultet i Bergen og leiar av Bivirkningsgruppen for Odontologiske Biomaterialer.

Han har tannlegeeksamen frå Stockholm 1983 og arbeidde fram til 1989 både innan offentleg og privat praksis. Han har arbeidd ved Karolinska Institutet i Stockholm som forskar og pedagog og vore engasjert som forskar i USA og i Norge.